

REFERAT FRÅ STYREMØTE

Tid: 19. september 2006, kl 19:00-22:30

Stad: Heime hos Heidi, Førde

Tilstades: Sissel Strømmen, Heidi Fureli, Bjørn F Odeen, Guttorm Kleppe, Geir Alden, Åsne Folstad og Solveig Andersen

SAK 1. OMDISPONERING AV FRIAREAL RUNDT NAUSTET

Tore har formulert eit brev som er sendt ut til kommunen som svar på brev.

SAK 2. SAK FRÅ RUNE - MAIL SENDT UT TIL STYRET.

Rune har vore på eit seminar på Beitostølen om integrering av funksjonshemma i padlesporten. Bakgrunnen er at handikap-idretts forbunda skal leggast ned og i staden integrerast i dei ulike særforbunda, so også i padle forbundet.

Integrering av funksjonshemma, vil soleis vere noko klubben må forholde seg til.

Rune stiller seg open til å bringe vidare erfaringane frå seminaret og elles info om temaet.

Styret inviterer Rune på neste møte for å orientere om saka.

Kjem det ev føringar frå NPF? Ved ev omdisponeringar av arealet rundt Naustet bør ein kanskje tenkje på å få til ev. handikapp brygge. Ei slik satsing i klubben vil krevje ildsjeler som kan få i gang arbeidet.

SAK 3. EVALUERING AV SESONGEN SÅ LANGT - TURAR/ARRANGEMENT/ARBEID I KLUBBEN/STYRET

Turar:

Osen

Nærøyane

Symposiet Njord

Åreleiken Nærøyfjorden

Fossedalens dag

Godt oppmøte på turane. Programmet har vore gjennomført som planlagt. Det har i år som tidlegare år vore ein gjeng som har vore med på meir eller mindre alle arrangement, men har i tillegg alltid vore nokre nye med på kvar tur. Einaste som har vore avlyst var samlinga på Glesvær i september.

Arrangement:

Villmarksmesse - greitt arrangement. Fin stand. Mykje godt arbeid i forkant. Litt lite oppmøte i bassenget, men dei som var der var veldig nøgd. Fikk "applaus" i Firda.

Har fått henvendelse frå både Naustdal og 4H i Florø og Bygstad, men vi hadde ikkje kapasitet til å stille i år.

Arbeid i klubben/styret:

I forhold til turar og arrangement har det fungert greitt.

Naustet - der går arbeidet sin gang. Stativa er bygd. Bjelkane i taket er på plass. Plank er bestilt.

Tidelte plassar i Naustet. Det har sklidd litt ut. Det er kome ein del kajakkar i Naustet som ikkje har fått tildelt plass. Dette må det ryddast opp i. Det må sendast ut faktura for leige av plass - Åsne ordnar med utsending.

Nøkkelskjemte til Naustet

Har vi oversikt over kven som har det? Skal vi ev endre koden og lage nye kort?

Bjørn sjekkar opp.

SAK 4. ØKONOMI - STODA SÅ LANGT - OG TAL MEDLEMMAR

Bokført saldo 87 500,- + 18 400,-.

Det må sendast ut faktura for utleige av kajakkbasen.

Njord symposium - leige av 6 komplette båtar a 500,- + transport.

Arrangement i regi av Jon Olav Leira - sjå ev permene i Naustet

Ifolge Frode Hallandvik og Roger Kløvtvet skal ikkje det betalast leige for bruk av kajakkane til Vesle Daniel prosjektet som er eit fylkeskommunalt prosjekt.

Åsne overtek rekneskapet frå Bjørn

Framleis ca 100 betalande medlemmar - bra!

SAK 5. ARRANGEMENT FOR RESTEN AV ÅRET - IDÉMYLDRING.

Storm samlinga - 6-8. november ikkje eit SKK arrangement, men det er nokon som reiser.

Sesongavslutning m bowling i slutten av oktober tidleg november. Vise padlevideo Bjørn sin + bilete frå årets turar. Må informerast ut tidleg. Spleisefest? Tapas? Erlend lagar Bacalao? Forslag til dato: fredag 3 november.

Arbeidsgruppe: Solveig snakkar med Pikant om tapas. Heidi ordnar lokale. Bjørn ev. video/DVD. Guttorm ordnar bilete framsyning. Musikk - Guttorm og eller Bjørn ordnar med musikk.

Torsdagspadlinga går som planlagt - siste torsdag med ansvarleg - torsdag 28. september.

Bassengtrening: starte opp medio november. Bjørn tar kontakt med Førde kommune får å få avklart tidspunkt og pris. Kjøre 1 gong kvar månad som tidlegare eller kvar 3. veke.

SAK 6. KURSVERKSEMD I KLUBBEN INTROKURS, TEKNIKKURS, AKTIVITETSLEIARKURS, NYBEGYNNARKURS

Det har vore kjørt ein del introkurs Bjørn har heldt dei fleste.

Nybeggynarkurs - annonseret 2

1. kurs: Bjørn skulle ha. Ingen påmeldte. For seint annonseret? Feil helg?

2. kurs: Kjetil hadde Fullbooka. Kunne hatt fleire.

Teknikkurs: Planlagt eit kurs i august. Det var bare annonseret på heimesida. Liten interesse. For liten til å få folk frå NPF



Klubben treng fleire som kan kjøre introkurs

Skal ein opne opp for at dei kommersielle aktørane skal få arrangere nybegynnarkurs/introkurs i "Sunnfjord"? Det må vere eit klart skilje mellom klubaktivitet og kommersiell.

Skal vi ev. inngå "avtale" med Rune/Bjørn om at dei kjøre Introkurs kvar 14. dag slik at vi har eit tilbod til medlemmane.

Argument for/imot at dei kommersielle aktørane skal få kjøre nybegynnarkurs i "Sunnfjord":

Imot: Mistar inntekter til klubben

For: Fleire kurs, kan gje fleire medlemmar til klubben

Inntekter på utleige av kajakkbassen/utstyr

Innspel/diskusjon om klubben skal "sponse" eit teknikkurs for å få til eit kurs slik at vi på sikt får fleire i klubben som kan kjøre Introkurs.

Sette opp saka som ei årsmøte sak.

SAK 7. BROsjyre i regi av FNF.

Utgangspunktet for saka var mail frå Astrid Eliassen og Forum for natur og friluftsliv. Ho skal gje ut ei brosjyre om dei ulike friluftsorganisasjonane. Det er først og fremst organisasjonane på fylkesplan som skal presenterast. Då vi er den einaste klubben i NPF i Sogn og Fjordane vert vi sett opp som "kontaktklubb" i fylket.

Presentere klubben

Hav og elv

Heidi og Sissel forfattar eit utkast som vert sendt ut til styret.

SAK 8. YMSE.

FNF - fellesmøte 17.-18. november på Skei

Skrivar

Sissel Strømmen

-sign-